



Informasjon

17.03.2020

Informasjon til leiarane i Stryn kommune

Vi er i ei tid der det kjem stadig nye signal ifrå Regjeringa og statlege instansar som er relevante for korleis arbeidsgjevar skal følge opp tilsette som er/kan vere smitta av koronaviruset, eller som av ulike årsaker er sett i karantene.

I Stryn kommune gjeld førebels desse retningslinjene ift karantene:

- 1) Dersom den tilsette må vere i karantene grunna reise i strok som medfører at han/ho ikkje kan vere på arbeidsplassen, ev at ein har forkjølingssymptom, skal vedkomande avklare med næraste leiar om han/ho kan arbeide frå heimen. Tenk gjennom om ein kan gjennomføre oppgåver ein elles har lite tid til; Dette kan vere fagleg oppdatering, nettkurs osv.
- 2) Dersom dette ikkje er mogleg, får den tilsette innvilga eigenmelding i karanteneperioden i inntil 16 dagar (i normalperiodar er dette inntil 8 dagar).
- 3) Dersom den tilsette i løpet av karantenetida er/blir sjuk utover eigenmeldingsperioden, skal vedkomande kontakte legesenteret i Stryn for å få sjukmelding.
- 4) Ikkje kontakt legesenteret så lenge ein har karantene/er sjuk i eigenmeldingsperioden, så sant du ikkje er uroleg eller faktisk treng legehjelp.
- 5) Dersom ein tilsett blir sjuk utan å ha opparbeida seg rett til eigenmelding, skal eigenmelding likevel innvilgast for å hindre unødig kontakt med legesenteret. Ein får kome attende til om desse eigenmeldingane skal gjerast om til legemeldt fråvær (sjukmelding) på eit seinare tidspunkt.

Underteikna presiserer at dette er tiltak som gjeld fram til nye bestemmingar kjem frå sentralt hald. Dette er ein situasjon som kan vare over tid. For å hindre at einskildpersonar blir utslitne på bakgrunn av det total-trykket ein nå opplever både på arbeidsplassen, i familien, gjennom media ol, så oppfordrar vi alle tilsette til å ha ein god og ærleg dialog med sine næraste kollegaer og leiar; i slike tider blir vi ekstra medvitne viktigheita av samhald og godt arbeidsmiljø. Arbeidsgjevar må og oppretthalde ein god dialog med tillitsvalde og verneombod i denne utfordrande fasen. Involver desse på alle nivå; Saman skal vi stå samla og nytte alle dei fantastiske ressursane vi har i alle våre tilsette i Stryn kommune.

Takk for innsatsen de alle legg ned i desse tider!

Helsing
Stryn kommune, Personalavdelinga

Nils-Petter Hauge
personalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur